

Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 4 - september 2023 55. årg.

Jubileumsgudsteneste i Smieparken



Kveldsmøte



side 5

Mø, mø, mø



side 10

Bryneungdom med
utferdstrong



side 14

Misjonsprosjekt

side 18

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne

Inngang frå Saronsbroet

heimeside: www.timekyrkjene.no

e-post: kyrkjekontoret@timekyrkja.no

Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340

Kateket: Ingrid Time Nærland tlf. 401 67 222

Diakon Time og Undheim: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919

Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf 911 63 039

Sekretær: Dagny Oltedal Hetland tlf. 51 77 03 77

Assisterande kyrkjeveje:

Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276

Kyrkjeveje: Siri Vik tlf. 906 43 758

Time

Heimeside: www.timekyrkja.no

Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874

Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872

Kyrkjetenar helg: Elias Høie Hetland tlf. 401 68 422

Soknerådsleiar: Marianne Hauge tlf 481 14 974

Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf 990 26 276

Klokkar: Maren Dyngeland tlf 905 65 198

Ungdomsarbeidar Lye: Else Iren Skretting tlf 482 79 806

Kyrkjetenar ved graverd:

Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276

Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Lye forsamlingshus

Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

Bryne

Heimeside: www.brynekyrkja.no

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Kyrkjelydspedagog: Tone Vold tlf. 918 81 818

Administrasjonsleiar:

Elisabeth S. Obrestad tlf. 475 02 080

Ungdomsleiar: Oda Vik Straume tlf. 941 95 850

Dagleg leiar / kyrkjelydsutviklar:

Jostein Aa. Tollaksen tlf. 909 88 880

Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793

Kyrkjetenar helg: Arne Espvik tlf. 909 70 522

Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf. 466 56 825

Undheim

Heimeside: www.undheimkyrkja.no

Undheim kyrklei tlf. 51 48 68 20

Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 467 94 518

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346

Sokneprest vikar: Roald Byberg tlf. 400 38 028

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark tlf. 996 26 157

Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Time sokneråd time.soknerad@timekyrkja.no

Bryne sokneråd: bryne.soknerad@timekyrkja.no

Undheim sokneråd: undheim.soknerad@timekyrkja.no

BARNETRU I VAKSENLIV

STEIN ØDEGÅRD - SOKNEPREST I BRYNE



Barnetru i barnealder er ein stor skatt. Kvart nummer av Helgedagen har mange eksempel på trusopplæring i kyrkjene og tips til heimane. Kreative opplegg. Gode verdiar. Flinke vaksne. Ungar som finn fellesskap og ei tru å praktisera.

Her på Jæren er me mange som har vakse opp med kunnskap om kristen tru. For mange av oss har det gitt himmel over livet, etikk å manøvrera i, ei trygg tru og stadige Jesusbøner.

Ikkje sjeldan høyrer eg folk seia, med varme i stemmen, «eg har barnetrua mi.» For barnetru i vaksenaler er også ein stor skatt. Mange har fortalt meg om barnetrua på ein måte som viser at trua har modna til noko langt meir enn barndomstru. Dei har ikkje berre den trua dei hadde som små, dei har også den same levande gudsrelasjonen.

Andre kan ha vanskeleg for å gje uttrykk for tru eller å finna seg til rette i eit trusfellesskap, men trua sin tillit til Gud lever. Dei har hatt større problem med religiøse miljø enn med trusinhaldet. Trua står for noko ordlaust trygt og tillitsfullt, fast forankra gjennom opplevingar og ritual som gjerne starta i barndommen. Ei slik barnetru i vaksen alder står for eit trygt haldepunkt.

Men for nokre bleiknar barnetrua. Ho får liksom ikkje til å følgja med i den øvrige utviklinga av tankar, erfaringar og kjensler, og eit sterkt endra samfunn. Eller trusoverbevisning vert ein del av det moderne prosjektet å finna og velja min eigen veg og standpunkt. Det vert avstand mellom tru knytta til tradisjon og tru som må kunna hevda seg i livet som skjer her og nå.

Så det er både godt og viktig for barnetrua å verta integrert i det vaksne livet sine erfaringar. Å «veksa i tru», slik Bibelen også held det fram.

Når livet møter oss med konfliktar, tap, sorg, sjukdom, vonde spørsmål og krevjande utfordringar, då treng livet ein sikrare skatt enn ei barnetru som me anten ikkje lenger får til å tru på, eller som har for lite å gje oss til å meistra livet. Då er det gylden tid for å ausa opp på nytt av trua sine kjelder i Bibelen, i veileddning på nett, i litteratur og ein god person eller gruppe å snakka med.

Kyrkjene i Time ønskjer at fellesskapa våre kan gje næring for vekst i trua, kan vera ein stad der livet mitt slik det er, får møta Bibelens Jesus slik han er, og ikkje berre slik han var:

Velkommen til trusfellesskap. I vaksenår som i barneår.

Framsidefoto: Kjell Ragnar Thu

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad, Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.

Trykk: Kai Hansen Trykkeri. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@timekyrkja.no.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 1. november

MIN SALME

Aurelius Ambrosius, ca 337-397, var biskop i Milano i 374-397. Han vert rekna som ein av dei fire store kyrkjelærarane i oldkyrkja. Han var ein god predikant, populær, og han trekte mange til kyrkja.

Ambrosius var kanskje den første som skreiv og nytta songar for å nå ut til folk og slik fremja den kristne trua. Songane hans fekk ei enkel, folkeleg form, alltid fire verselinjer med åtte stavingar i kvar. Melodiane var prega av folkemusikken. Dette gav ein livlegare fellessong i kyrkja enn den vanlege gamle salmesongen. Ambrosius vart med andre ord ein fornyar av liturgisk song. Fjorten salmetekstar lever etter han, to i Norsk salmebok, nr. 2 «Folkefrelsar til oss kom» og nr. 805 «Du sanne lys, Treeining sæl». Dette er dei eldste salmane vi har, bortsett frå salmetekstar frå Bibelen.

Martin Luther omsette «Folkefrelsar til oss kom» til tysk og tok då i bruk ein eldre melodi som han omarbeidde. Denne brukar vi i dag. Bernt Støylen har skrive den norske teksten.

Arius (250-336), ein teolog frå Alexandria, stod fram med si meining om Jesus. Han hevda at Gud var øvst. Jesus var skapt, ikkje fødd, ikkje likeverdig med Faderen, han hadde ikkje guddommeleg natur. Dette skapte stor strid i kyrkja, og det vart innkalla til kyrkjemøte i Nikea i 325. Arius si lære vart fordømd, og første utkast til den nikenske truvedkjenningsa vart til. Men Arius sine tilhengjarar gav ikkje opp. Dei var aktive m.a. i Milano på Ambrosius si tid. Der kravde dei å få bruka ei av kyrkjene til sine gudstenester, men Ambrosius nekta. Ambrosius stod på den ortodokse kyrkja sitt syn, at Jesus var sann Gud og sant menneske. Då arianarane møtte opp med soldatar, hadde Ambrosius forskansa seg i kyrkja med sine folk. Der song dei salmar for å halda motet oppe, truleg også «Folkefrelsar til oss kom». Denne salmen handla klårt om den andre trusartikkelen. Etter nokre dagar måtte arianarane gje seg.

Når vi i dag syng «Folkefrelsar til oss kom», står vi i ein lang tradisjon, på tvers av tid og stad. Innhaldet er også i dag heilt sentralt i den kristne trua. Salmen er ein arv vi må ta godt vare på og bringa vidare til nye generasjonar!



Guri Risa

Folkefrelsar, til oss kom

Folkefrelsar, til oss kom,
fødd av møy i armodsdom!

Heile verdi undrast på
kvi du såleis koma må.

Herrens under her me ser,
ved Guds Ande dette skjer.
Livsens ord frå himmerik
vert i kjøt og blod oss lik.


Utan synd han boren er
som all synd for verdi ber.
Han er både Gud og mann,
alle folk han frelsa kan.

Frå Gud Fader kom han her,
heim til Gud hans vegar ber,
ned han fór til helheims land,
oppfór til Guds høgre hand.

Du som er Gud Fader lik,
ver i vanmakt sigerrik!
Med din guddoms velde kom,
styrk oss i vår armodsdom!

Klårt di krubbe skina kan,
ljoset nytt i natti rann,
naud og natt til ende er,
trui alltid ljoset ser.

Lov og takk, du Herre kjær,
som til verdi komen er!
Fader god og Ande blid,
lov og takk til evig tid!



Kva er søndag for deg?



Reidunn Mattingsdal Alvsåker

Etter ein god frukost er det gudsteneste på Frelsesarmeens. Eg har behov for å høyra Guds ord og vera med i felleskapet gjennom bøn og song. Gudsteneste er ei viktig søyle i livet. Seinare på dagen kan det verta familiebesøk, eller kan eg og slappa av med ei god bok.



Målfrid Digernes

For meg er søndag ein fridag der me kan samlast mange rundt bordet. Barn og barnebarn kan koma på besøk. Søndagsmiddag, vaflar, tid til å vera saman.

Søndagen i min barndom var endå meir spesiell. Særs god middag med dessert. Gudsteneste i radioen, i alle fall så lenge farmor og farfar budde i lag med oss. Om kvelden høyrdde me på ønskekonserten. Ellers leik ute eller inne. Fjernsyn var noko dei hadde i Amerika. Fekk høyre at dei såg program både dag og kveld. Ikkje eingong me ungar kunne forstå at dei hadde tid til det. Tidene har skifta fort. Men søndag er fortsatt verdsatt.



Randi saman med døttrene. F.v. Oda, Iben og Ane.

Randi Tjelle


Det viktigste for meg, er faktisk å gjøre søndag til en egen dag, og ikke bare «dagen før mandag». Da jeg begynte å tenke på den måten, ble søndagen nesten favorittdagen min i uken (lørdag er nok fremdeles på plass nr. 1). Alt går litt langsommere på søndager og det liker jeg så godt.

Meget kort oppsummert er søndag for meg å sove lenge (i den grad man kan sove lenge med tre barn), gå i kirken og familiemiddag.



Maren Undheim

Søndagen, kviledag! Ein dag me kan bruka som me vil. Nå har eg sommarjobb på Sivdammen med fast arbeid kvar 3.søndag. I mange yrke er det slik at folk ikkje har fri om søndagen. I skuleåret studerer eg på universitet i Stavanger. Så søndagen blir brukt til å kvila, gå turar og vera med vene. Det er godt å ha ein dag i veka der me kan gjera kva me vil liksom. I vår familie er søndagstur veldig populært. Slik har det alltid vore. Anten bare oss her heima, eller storfamilien ut på søndagstur. Tantar, onklar, søskjenbarn og farmor. Eg har mange gode søndagsminne om akkurat det. Søndagen tenkjer eg på som kviledag og familieday.



Rana Daybes

Jeg vil fortelle om søndag i Syria. Jeg kom til Norge i 2015. I Syria gikk alle kristne til kirken søndag morgen kl 9. Gudstjenesten varte til kl 11. Alle kom i fine klær. I gudstjenesten var det mye bønn og sang. Jeg liker å synge sammen med andre. Etter gudstjenesten gikk vi som oftest på besøk til min mor. Mor vasket alltid huset, pyntet og bakte på lørdag, og hun laget søndags- middagen klar. Ikke noe unødvendig arbeid ble gjort på søndag.

Hver søndag inviterte hun sine barn og deres familier til middag. Etter familiemiddagen gikk vi gjerne på besøk til venner, drakk kaffe og snakket sammen. Vi inviterte også venner til vårt hus. Noen søndager var vi på besøk hos familien til min mann. Da sov vi gjerne over og gikk i kirken sammen med familie og venner der.

Jeg savner familien min, maten til mor og gudstjenesten i min kirke!

Kvardagsmøte med

Brit Signe Harbo Fuglestad

TEKST OG FOTO: LIV HELENE HÅLAND

Helgedagen møter ei travel dame med eit langt og variert arbeidsliv bak seg - framleis oppteken, nå av frivillig arbeid i nærmiljøet - og med misjonsengasjement.

Bakgrunn og teneste

Brit Signe er oppvaksen på gard på Reime i Nærbo og har alltid vore interessert i "det grøne". Etter naturfaglina på gymnaset på Bryne og Statens lærerskole i husstell på Stabekk - vart det misjonærliv i 10 år i Etiopia for Misjonssambandet. Mannen, Ketil Fuglestad, har landbruksutdanning frå Ås, og det var "det grøne" som vart satsingsområdet. Etter 20 år heime i Noreg, reiste dei i 2007 igjen til Etiopia, til 4 - 5 års teneste.

Kva vart di oppgåve i Etiopia?

Kontorarbeidet fall på meg, med rapportar, lønsutbetalingar - å vera kasserar og rekneskapsførar. Eg ville òg vera tilgjengeleg for borna, 5 i den tida. I skulealder måtte dei vera på internatskule, 60 mil frå oss, noko dei er heldige å ha gode opplevelingar frå.

Heime i Noreg

I heimeperiodane dreiv Brit Signe gartneri, på Brusand og Herikstad. "Det grøne" følgjer henne, og det vart produsert snittblomar, tomater og bær.

Ho gjorde òg ein innsats på kjøkkenet på Holmavatn, leirstaden til Misjonssambandet. Stabekk-utdanninga kom til nytte der òg!

Pensjonisten Brit Signe

Nå går kvardagane mykje til gjenbruk, for Israelsmisjonen på Varhaug og Misjonsselskapet på Bryne. Der synest ho det er viktig å vera ein god kundemottakar. Nå når barnebarn-passtida er over, får ho også betre tid til anna frivillig arbeid i kyrkjelyden på Bryne. Ho er med i bønegruppa kvar onsdag. Det er ei trufast gruppe, og ho håpar på at fleire blir med der. Å be for

Bryne-byen - og for misjonærane dei har teke på seg eit spesielt ansvar for, er viktig.

Brit Signe er også kyrkjevert på gudstenester, og ho trekkjer spesielt fram Familiefokus-gudstenestene som berikande.

Når det er kyrkjekaffi, er det spesielt viktig for henne å sjå etter nye andlet. Dei må bli sett!

Brit Signe fortel at ho gjennom livet har gripe fatt i dei tinga som naturleg har lagt seg til rette for henne. - Bønetenesta har alltid følgt meg der eg har vore. "Å tena ved borda", vera med i dei praktiske tinga, har vore viktige for meg.

Ho har alltid hatt ei god helse, og ho vil stå på så lenge ho kan - i takksemd for å kunna tena på sin måte.






BØNEBOKA nr. 170

Jorda, vår heim i kosmos
*Herre, du har gjeve oss jorda, vår
 heim i kosmos. Med skøyre trådar
 har du vove oss saman i hennar
 vakre vev. Gjev oss innsikt, så vi
 verner henne. Gjev oss handlekraft
 så vi steller godt med henne. Gjev oss
 kjærleik, så vi elskar henne.*



Denne boka gir fyldig innleiing til kvar av dei 899 salmane i Norsk salmebok 2013. Bøneboka finn de sist i salmeboka.



Per Harling (68-) O Kyrkjerådets arbeidsgruppe
 for Bøneboka (2002)

TEKST: ELSE-MARIE BUE

NoS nr. 296

Nyleg oppdaga eg at ein av Norges mest skatta lyrikarar, Einar Skjæråsen frå Trysil (1900-1966), har to salmar med i Salmeboka. Bare ved å seia namnet hans syng det i sinnet:

*Du ska itte trø i graset, spede spira lyt få stå.
 Mållaust liv har og ei meinинг du lyt sjå og tenkje på
 På Guds ord og i hass hage er du sjølv eit lite strå.*

Med dette bakteppet er det nesten sjølsagt at denne salmen fekk plass under GUDS SKAPARVERK i salmeboka. Han skreiv diktet i 1945 og kalla det Hymne. *Vinden har sin vei å vandre, bølgen har sin vei å gå, vår og sommer, høst og vinter, skifter i det minste strå. Gledens tid og sorgens time har sin bolig i hvert sinn. Lovet være han som åpnet første le og siste grind.*

Ta deg tid til å lesa alle tre versa. Frå krigen var slutt og til han døydde i 1966 var Skjæråsen stadig på farten for å underhalda og lesa frå diktsamlingane sine.

Dette fortel sonen, Magne, i STEVNEMØTE MED SALMEBOKA: « I morgen skal jeg ut å kristne Hønefoss», kunne han si viss det var dit han skulle – neste gang var det en annen by som skulle kristnes. Så la han avgårde som en helligolav. Og vidare seier Vidar Kristensen: Kanskje leste Einar Skjæråsen Hymne da han var ute og kristnet Hønefoss. Teksten er en lovsang til Skaperen for hele naturen- slik den byr seg fram i Norge. Himlen kan blåne like mye, og grønnes like vakket på Ringerike som i Trysil, dikterens hjembygd. Og i stedet for å kalte Gud alfa og omega, sier dikteren : - *Han som åpnet første le og siste grind.*

Nytt frå kyrkjeverje

I skrivande stund er me godt i gang med oppstart av nytt semester. Tilsette og frivillige medarbeidrarar legg ned eit stort arbeid på mange område.

Konfirmantkullet i år er rekordstort, heile 142 konfirmantar. Ei fantastisk moglegheit for å formidla den kristne bodskapen til ungdommane.

Kyrkja har eit aktivt arbeid med sorgstøttegrupper og i desse dagar vert det arbeidd spesielt med å starte opp grupper retta mot barn og ungdom.

I løpet av sommaren er det opparbeida ny gangveg frå den nye delen av gravplassen på Time og til Vestly, ca 200 m vest for Vestly idrettsbarnehage. Dette har blitt ein flott runde for turgåarar og ein effektiv snarveg for besøkjande til gravplassen frå Vestly/Lye. Takk til Aanestad Maskin som har utført arbeidet og til naboar som har vist velvilje for å få dette til. Det er òg plassert ut fleire nye benker på gravplassen. Takk til Time sanitetsforening som har sponsa ein av benkane.

Barnehageåret er godt i gang, og både Barnehagen i Bryne kyrkje og Undheim barnehage har fullt opp med barn. Tilsette i barnehagane gjer ein viktig og god jobb med å gje ungane i kommunen ein trygg og god start i livet.

Gunnar Bjorland Stone har sagt opp stillinga si som kyrkjeverje i Time. Han har hatt permisjon sidan 1. februar. Me ynskjer han lukke til i nytt arbeid og takkar for tida han har vore tilsett hjå oss. Prosessen med ny tilsetjing er i gang.

Siri Vik
Konstituert kyrkjeverje



Komande arrangement i regi av trusopplæringa

TEKST: TONE VOLD OG RAGNHILD HANSEN

Babysong 0-1 år

Alle tre kyrkjelydane våre har tilbod om babysong for barn 0 -1 år. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær. Etter songsamlinga et me lunsj i saman. Me startar opp nye grupper i september.

Time

På Lye forsamlingshus har me tilbodet som ein del av Lykkeliten open barnehage, annankvar onsdag. Barnehagen er open kl. 10-12. Songsamlinga er ca. kl. 10.30-11.00.

Oppstart 20. september.

Undheim

I Undheim kyrkje er det babysong oppe i kyrkjesalen frå kl. 10.30 annankvar onsdag.

Oppstart 13. september.

Bryne

I Brynekyrkja har me babysong for 0-1 år. Me møtest annankvar onsdag kl. 10.30 i kyrkjesalen. Oppstart 20. september.

Påmelding via QR kode, eller via kyrkjene sine nettsider:

Gudsteneste med utdeling av barnebibel i Bryne kyrkje – 4 åringar

Fekk du deg ikkje bibel i vår? Då er det nå ein ny sjanse til å bli med oss på gudsteneste med utdeling av barnebibel. 24. september kl. 11.00 i Bryne kyrkje. Påmelding via QR kode, eller via kyrkjene sine nettsider:

4-årsklubb og utdeling av barnebibel på Undheim og i Time

På Undheim og i Time blir alle 4-åringar inviterte til 4 årsklubb og utdeling av barnebibel. 4-årsklubb er to samlingar med song, bibelhistorie, formingsaktivitet og litt kos. Det vert utdeling av 4 års-bibel i gudstenesta sundagen i etterkant av 4-årsclubben.

Invitasjon kjem i posten.

Påmelding via QR kode, eller via kyrkjene sine nettsider:



Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdiar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.

Småbarnstrall 1-3 år

Me har eit kjekt song- og musikktilbod for 1-3 åringar. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar som er tilpassa born i 1-4 års alderen. Det blir song, leik og moro. Me inviterer alle 1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkja ilag med oss.

Påmelding via QR kode, eller via kyrkjene sine nettsider:



Datoar:

- 14. september
- 4. oktober
- 9. november

Undretur 2 år

Det året barnet vert 2 år får dei ein invitasjon til å koma på «Undretur i kyrkja». Me har ei lita song- samling, tenner lys og går på ein undretur rundt i kyrkja. Så får me læra om korleis kyrkjeorgelet lager den fine musikken som blir spelt. Nytt for året er at alle får med seg kvar sin «songpose» heim. I posen ligg songkort med QR kode til musikk og film av kvar song. Desse er eigenproduserte av oss kyrkjelydspedagogar, og me gler oss masse til å få dela dei ut til alle 2 åringane som kjem.

Tid og stad : Time kyrkje 24. okt. , Bryne kyrkje 25. okt. og Undheim kyrkje 26. okt.

Påmelding via QR kode, eller via kyrkjene sine nettsider:



Plan-B - aktivitetsdag 2. klasse

17. november er det skulemøte i Rogaland og skulane har planleggingsdag. Mange treng kanskje ein Plan-B denne dagen? Då inviterer me alle 7-åringane frå alle tre sokn til Undheim kyrkje Tema for dagen er «Gud skapar – Me lagar». Me skal ha aktivitet inne og ute. Det vert avgrensa tal på plassar. Invitasjonar vert sende ut. Velkommen til ein kjekk dag på Undheim!



*Helsing frå
kyrkjelydspedagogane
Ragnhild Hanssen
og Tone Vold*

Bli trusopplæringsabonnent

Har du born som ikkje er døypte / ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

Her er ei oversikt over årshjulet til trusopplæringa i kyrkjene våre.
Dette vert borna inviterte til:

0 år	Dåp og dåpssamtale
0-1 år	Babysong
1 år	Småbarnstrall, felles i Time kyrkje
2 år	Undretur i Time og Bryne kyrkje med utdeling av «songposen min»
3 år	Krøllekveld
4 år	4 års klubb og utdeling av Barnebibel
5 år	Kor kick-off. felles i Bryne kyrkje
5 år	Adventsklubb
6 år	Barnas påske og Orgelknappen

Barnefamiliar
Kyrkjemiddag i Bryne kyrkje

1. klasse Dåpsskule og Barnas påske
2. klasse Pinsefart
2. klasse Plan B - aktivitetsdag
3. klasse Tårnagenthelg
4. klasse På sporet av Jesus
5. klasse Tweens-Kick-off
6. klasse Lys vaken
- 9 -13 år 9:13 i Bryne kyrkje
9. klasse Konfirmasjon

Me ønskjer ungdommane velkomne til ungdomsarbeidet vårt: UKUF på Undheim, Varden på Lye og UF i Brynekyrkja. Les meir om ungdomsarbeidet på nettsidene våre.



MØ - MØ - MØ!

Mykje som kan koma i stand når to
kreative sjeler går tur saman!

TEKST OG FOTO: LIV HELENE HÅLAND

Tone Vold (Bryne) og Ragnhild Hanssen (Time og Undheim) er begge kyrkjelydspedagogar, og dei deler kontor. Dette hjelper på når idéane strøymer på: kort veg til deling! Dei har begge pedagogisk bakgrunn frå tidlegare arbeid: Tone frå barnehage og Ragnhild frå grunnskulen. Tone var kjend med songkort frå barnehagen, og dei ønskte begge å gje musikk-arven vidare. Det var viktig å finna dei gode, gamle - og kjende songane. Dei ønskte å gjera noko nytt, ikkje berre "gammaldagse" CD-ar. Og det er her turen/turane kjem inn! Dei kjende på at to-åringane trøng noko nytt til Undreturen dei blir inviterte til. Dei brukar å få utdelt CD-ar før, men dei er ikkje så eigna lenger. - Kva gjer me? undrar dei to pedagogane seg. - Me lagar songkort - sjølve! Så går det eitt år frå idéen kom til "babyen" blir fødd.

Dei søker støtte frå Stavanger bispedøme - og får 20 000 kr. Songen og musikken på innspelingane står dei for sjølve, og Vegard Hanssen, mannen til Ragnhild, gjer lyd- og filmopptaka. Illustrasjonane i "Songboka mi" er det ei venninne av Ragnhild, Anne Grete Kjølsvik, som har laga.

Kva er så dette?

2-åringane får utdelt songkorta i songposen på Undretur i Time, Undheim og Bryne kyrkje. På desse songkorta er det ein QR-kode. Der finn dei ein filmsnutt der Ragnhild og Tone syng songen på kortet. Då blir dei etter kvart kjende med - og lærer songane. Dessutan blir dei "kjende med" dei to som syng. Trygt og godt når dei møtest att, når borna blir både 3 og 4 år. 3-åringane har Krøllekveld med eige program der korta blir brukte. Ut over hausten skal det òg vera Småbarnstrall i Time-kyrkja for 1-3-åringar frå Undheim, Time og Bryne. Då blir òg korta brukte. Like eins på søndagsskulen i kyrkjene - og på kyrkjemiddagar.

4-åringane får utdelt barnebibel - og "Songboka mi". Her kjem songane samla i eit hefte, med QR-kodar og ei fargeleggingsside til kvar song.



Responsen har vore svært god - med filmsnuttar og meldingar som - "me berre elskar korta!" Det er lettvint å ta dei fram på mobil eller nettbrett, og songleda blomstrar hos små - og store!

Tone og Ragnhild kjende nok på at dei gjekk ut over komfortsona si med desse film-innspelingane, men dei angrar ikkje nå. Andre skal òg få inspirasjon av det dei har laga: Dei skal presentera det for alle trusopplærarane i Stavanger bispedøme!

Dei to kyrkjelydspedagogane våre seier avslutningsvis at det er så godt å vera to i dette arbeidet. - Ikkje tilfeldig at læresveinane vart sende ut to og to!



Mø-mø-mø, mø- mø-mø,
kan du si meg hvem jeg er?
Mø-mø-mø, mø- mó-mó,
kan du si meg hvem jeg er ?
Ja det kan jeg, ja det kan jeg.
Du er ei ku.

Mjau - katt
Voff - hund
Bæ - sau
Hvem har skapt alle disse dyr?
- Det er vår Gud





Ei grøn perle

TEKST: HEIDI STRAND HARBOE

Rundt handleddet mitt akkurat nå har eg ein Kristuskrans, ein bønekrans som først vart laga av den nyleg avdøde svenske biskopen Martin Lönnebo. Han hadde forstått at enkle barnslege hjelphemiddel kan hjelpe dei som er vaksne og. I denne kransen er det perler som på kvar sin måte illustrerer sjølve livet. Ei littelit perle symboliserer oss sjølve, mennesket. Så er det to raude perler for kjærleiken me får og kjærleiken me gir, ei gullfarga perle for Gud, ei svart perle for natta og for døden, og ei sandfarga perle for det som kan kjennast tungt og keisamt. Alt dette er element som høyrer livet til. Den vakraste perla er kanskje den klare blå perla som symboliserer at me skal kvila i gleda, og ikkje la bekymringane øydeleggja oss. På kransen er det og mange avlange sandfarga perler som skal minna oss om å ta oss tid til å vera stille. Kransen som heilskap ligg kring handa mi og er ei bøn, samtidig som han symboliserer dei ulike romma i livet.



Då eg først lærde om Kristuskransen sist på 90 talet, hadde han tre små kvite glasperler som vart kalla dei hemmelege perlene. Her kunne ein legga inn eigne bøne-emne og tankar. På

eit tidspunkt oppdaga eg at den eine av dei tre hemmelege perlene hadde skifta farge. På dei nylaga kransane var ho blitt grøn. Denne endringa var ei påminning om at det å ta vare på skaparverket var så viktig at det måtte få setja eit avtrykk i bønekransen

Det er nok fleire enn meg som nesten med vantru har registrert dei ekstreme klimauttrykka me har opplevd i sommar både som storflaum her heime og som heitebølgjer i sørlegare land. Korleis har jorda det eigentleg? Burde nokon snart dra i naudbremsa, og korleis gjer me eigentleg akkurat det? I møte med dei store utfordringane i tida får eg ofte lyst til å syngja med Sigvart Dagsland: «Ka kan eg gjørr eg e så liden?» Då er det viktig å minna meg sjølv og andre på at verda består av enkeltmenneske som i seg sjølv er like små alle saman.

Sundag 20.august var det kanskje nokon som til si forskrekking oppdaga prosten vår i ein lekk gammal kyrkjebåt midt utsida det me her på Bryne liker å kalla «Kongo», og det midt i kyrkjetida. Kva i all verda gjorde han der?

Utgangspunktet for båtstuntet var ein stafett som peikar fram mot 900-års jubileet for Bispedømet, Stavanger domkyrkje og Stavanger by i 2025. Kyrkjelydane i distriket skal etter tur få låna ein slik båt som dei folk tidlegare brukte til å koma seg til kyrkje med. Den lokale kyrkjelyden bestemmer så korleis dei vil bruaka båten i gudstenesta. Før han skal sendast vidare, skal kvar kyrkje få teikna eit merke inn på seglet som høyrer til båten. Eg



syntest det var fint og symbolsk at Brynekyrkja pynta seglet med den fine nye logoen for grøn kyrkjelyd. På den måten viser me at ulike tider set sitt merke på den skuta som er kyrkja vår, og at gamle tradisjonar bokstaveleg talt går hand i hand med nye tider.

Det er min visjon at alle me som bur i Time kommune kan hjelpe kvarandre med dei små og store vala som utgjer livet. Det er ikkje alltid like innlysande kva for nokre val som til ei kvar tid bidreg til å ta best mogleg vare på jorda, men at det er viktig å ta dei vala me trur er rette, det er me vel alle samde om. Eg er glad for at kyrkja i landet vårt tek klimautfordringane på stort alvor. Me i utvalet for grøn kyrkjelyd håpar at me kan inspirera menneske lokalt slik at me kan vera med i det store samspelet om å verna om naturen vår. Det blir gjort mykje bra på mange ulike felt. Saman kan me gjera kvarandre gode som det heiter i kommunen sitt motto.



Gudsteneste i Smieparken og jubileumsbåt i Mølle-dammen

Kva skjer? Sang og musikk frå mølle-dammen? I etterklangen frå kyrkjeklokken sundag kl.11. Langt frå andekvekking og måkeskrik, dette! Fuglane har visst søkt ly og funne skugge lenger nord i dag? Er sangfuglen Sigwart Dagsland? Nei, men det er prost Lars Sigurd! Og det liknar jo. I dag er det Lars Sigwart: «Me seile i same båd...»

TEKST: STEIN ØDEGÅRD

FOTO: KJELL RAGNAR THU OG LEAN UNDHEIM

Der kjem han sigande over vatnet. Jubileumsbåten. Jostein Tollaksen ved årene og prosten i kjole og stemmeskrud. Nedover mot Smieparken og brygga der folk står og sit. Smil alle vegar. Godlyd. Forventning til den neste timen med gudsteneste i friluft, godt rigga i Smieparken med det flottaste utsynet til Bryne kyrkje, og på vandring rundt dammen og Fritz Røed-parken.
Me kjenner på takk for kommune og eldsjeler som har fått til denne perla i hjarta av byen. Me får kjenna på den lange takken.

Jubileumsbåten tek føre seg kyrkje for kyrkje gjennom 2 år fram til det store jubileet i 2025, når Stavanger domkyrkje og bispedømme og by er 900 år. Så enormt mykje som tru og kyrkje har hatt å seia for folk sine liv, for håp, for utvikling av kultur, verdiar, organisasjonsliv og tenkemåtar. Me festar Bryne kyrkje sitt merke på båtseilet, for ferda vidare mot domkyrkja og jubileet. I over 900 år har folk kome til gudsteneste. Dei har gått, rodd, seilt, ridd, sykla og kjørt. Også i båtar slik som jubileumsbåten. Men sundag 20.august i

smieparken er han eit symbol. Han er kyrkjeskipet. Alle som reiser gjennom livet i tru på Jesus Kristus, i håp til Guds evige omsorg, i kjærleik til medmenneske og alt Gud har skapt.
For det er dette som skjer. Små og store samla i Smieparken er kyrkjeskipet, er folket på vandring. Og nå skjer det! «Min båt er så liten og havet så stort» forma i hender og strupar. Jubileumsbøn frå klokkaren. Treffande klangar frå blandakoret Jærklang: «For en deilig dag». «Shanty fra Genesaretsjøen». Og så sig båten



ut i dammen og folk vandrar langs breidda. Til bibelord og preike om stormane Jesus kan stilla om bord i båten vår. Syngjande pilgrimstog gjennom Møllehagen med «Navnet Jesus blekner aldri». Fritz Røed-skulpturane får gje tema til vandringsandakten. «Liten søndagsprinsesse» med vakkert dansande jenter. «Omsorg» med forbøn for kyrkja og verda. «Fred» med fredshelsing, varme smil og hender som finn kvarandre. «Memento mori» med Salme 103 og Jakob Sande sin åndelege sjømannssong på veg tilbake til Smieparken. Til nattverd, til velsigning, til å verta sendt til livet i kvardagen, og til ein laaaaang kyrkjekaffi med stooore lappar. Prosten ausar av sitt gode forråd og av vatnet som stig i ein lite trutna trebåt som oftast skal inn i kyrkjene, og sjeldnare er i sitt rette element. Men nå er han det!

Uforgløymeleg. Strålende stille og varmt ver. Magiske kulissar. Folket samla. Kyrkjeskipet på tur. Mange frivillige som lett tek tak for ei god sak. Jau visst skal me takka og jubilera. Tenkja og forma. Kva kyrkja har vore, er og skal vera.



Jubileumsbåten i Time kyrkje. Stavanger bispedøme feirar 900 år i 2025. Jubileumsbåten går som ein stafettlinne gjennom alle 90 kyrkjelydar. Den viser at vi hører saman som kyrkje i Rogaland. Båten har no vore i Bryne, Time og Undheim, og er på veg nordover. Den endar opp i Domkyrkja pinsa 2025. Her frå Time kyrkje 27. august. Foto: Steinar Knutsvik.



Bryneungdommar med utferdstrong

I sommar har speidarar frå Bryne KFUM/KFUK vore på langtur både i aust og vest.

TEKST: REIDUN JANE HESKESTAD

I vesterveg

Lars Martin Grødeland, Simon Hetland, Ådne Hareland og Jørgen Sie Nielsen har vore på Camp White Nights på Island. Internasjonal speidarleir med deltakarar frå Tyskland, Danmark, Sverige, Skottland, Storbritannia, Mexico, USA og Noreg (nærmore bestemt Rogaland) Stad: Speidarsenteret Úlfljótsvatn sør på Island

Talet på deltakarar: 100 stk - og av dei var 21 frå Rogaland.

Aktivitetar: bogeskyting, klatrekurs ute, rafting, kajakkpadling og hiking.

Speidarane budde sjølvsgått i telt. Islendingane stelte godt med gjestene sine. Lånte ut telt, underlag og fantastisk gode soveposar. På leiren var det fysisk aktivitet som var hovudsak. Mat vart ikkje laga på bål. Dei vart serverte tre måltid kvar dag og fekk niste med på tur. Dei smaka

lite islandsk mat, men lika juice veldig godt. Kanskje finst det framleis spor av islandsk juice på Bryne?

Kva aktivitet lika du best?

-Rafting, kjem det nokså einstemmig frå gutane.

Klatreveggen ute som gjekk for å vera høg, syntest brynegutane var lite utfordrande.

Kva var spesielt med Island, tenker de?

- Naturen minna litt om Noreg, men det var ikkje fjell der me var, veldig flatt, mykje lyng og svært få tre.

- og så var det mange fluger og mykje knott.

Er det ei oppleveling du vil hugsa lenge?

- Ja, då me skulle setja opp telt og eg ikkje hadde myggnett over meg, kjem det ganske raskt frå ein av gutane.

Islandsfarar Simon, Jørgen, Ådne (bak) og Lars
Foto: R.J Heskstad



Ein av gutane viste biletet der han verna seg mot knott ved hjelp av ein bøff og solbriller.

- Då me var vel inne i teltet, såg me knotten som "stanga" mot innerteltet og ville inn. Heldigvis heldt teltdukken dei ute!

Sommaren på Island var omlag som i Norge, men me hadde lite regn. Her var det lyst heile natta - kvite netter - så me måtte sova med sovemaske.



Anne Haukland og Lean Undheim
Foto: Runar Undheim



Lean i Hanbok - tradisjonell koreansk drakt
Foto: Morten Ib Andersen



Anne i Hanbok
Foto: Morten Ib Andersen



Med utsikt over telteiren til speidrarar i Korea
Foto: Lean Undheim



Fekk de nye venner?

- Ja, me fekk nye danske venner, vart òg kjende med nokre frå Jørpeland.

Kva vil de seia til speidarvennene dåkas på Bryne når de treffer dei igjen?

- Eg vil sei at det er kjekt å treffa speidrarar frå andre land
- Bli med på leir, for det er kjekt!
- Me reiser gjerne til Island ein gong til.

I austerveg

Anne Haukland og Lean Undheim har vore på World Scout Jamboree i Saemangeum i Sør Korea.

Ein Jamboree vert arrangert kvar 4.år og speidrarar frå heile verda møtest.

I år var det deltagarar frå 170 land - i alt 50.000. Speidrarane kom frå mange europeiske land og Australia, Peru, Brasil, Canada, USA, Seyshellene, Hong Kong, Taiwan, Nepal og Korea. Det var 700 speidrarar frå Noreg - av dei var ca 100 frå Rogaland.

Sightseeing i Seoul

Dei norske speidarane kom til Sør- Korea i slutten av juli, og var turistar nokre dagar. Her fekk dei med seg både koreanske kultur og historie. Dei besøkte grensa til Nord- Korea. Her hadde ein mann sprunge over få dagar tidlegare, og forsvunne, så her var det strengt. Ein måtte passa på kor ein sette ned foten! Historisk museum fekk dei òg med seg.

Til Saemangeum

Så skulle alt vera klart for speidarleir på vestkysten, men kvelden før avreise fekk dei vita at leiren ikkje var heilt klar til å ta imot dei, men dei kunne likevel dra til leirområdet. Dei overnatta i eit velkomstsenter - veldig varmt! Fekk etterkvart tildelt område og gjekk dit. Her skulle troppen med 40 speidrarar bu, sova og eta. 40 troppar skulle bu i same Sub-camp. Det var eit enormt leirområde - 7 km langt og 2 km breidd. -Endeleg kunne me starta å rigga. Telta med plastpaller til å sova

oppå kom på plass. Pallene var der på grunn av evt regn. Det var sett opp store skuggetelt. Her laga me mat. Råstoff henta me i store kjølecontainarar. Me åt i skuggetelta. Her kunne me og treffast for å prata. Det var også populært å gå rundt i leiren og bytta skjerf og merke.

Opningsleirbål

-Me trong ca 1 time for å gå til området der Scenen var. Her stod me i kø i fleire timer for å koma inn. Då me kom inn, var det fullt, så me stod litt utanfor. Presidenten i Sør-Korea helsa speidarane velkomne. Alt vart vist på store skjermar. Innslag vart teksta eller oversett til engelsk.

Fekk de nye venner?

-Ein australsk tropp var naboen vår. Dei vart me godt kjende med. Ein dag delte me gruppene og åt middag hos kvarandre.

Evakuering

På grunn av hetebølge og varme

over 35 grader, vart alle aktivitetar avlyste. Me fekk beskjed om å drikka 6 l vatn til dagen og søkja skugge!

Me var på leir i 4-5 dagar. Ein morgen møtte leiaren oss og sa at me skulle evakuerast i løpet av dagen på grunn av ein tyfon som skulle råka vestkysten om nokre dagar. Norske, danske og islandske speidarar vart evakuerte til eit hotell nær flyplassen. Hotellet var ikkje ferdigstilt, så der var ingen møblar. Me møttest på romma, i gangane eller i resepsjonen. Her

var det ingen speidaraktivitetar. Dei første to dagane kunne me gå fritt rundt omkring. Så var me innelåste ein dag - dagen tyfonen skulle ramma. Tyfonen endra retning og kom på austkysten og ikkje inn mot speidarleirområdet. Så var me frie igjen!

Alle speidarane vart heldigvis evakuerte og kom seg trygt i hus.

Kva hugsar du best fra leiren?

- Å kjenna på fellskapet med andre speidarar når me treft dei til dømes på gata i Seoul.

Leiren hadde ei eiga T-skjorte, så det var lett å sjå andre speidarar. Siste dagen frakta 1000 bussar speidarane frå mange ulike hotell til avslutningsleirbål med konsert på Seoul Stadion. Droneshow med lys og bilete over stadion sette eit endeleg punktum for The World Scout Jamboree 2023. Leiren som me trygt kan seia vart ein leir med forviklingar og spesielle opplevelingar!

Polen ønskjer velkommen til Jamboree om fire år!



Anne og Lean saman med filippinske speidarar i Korea

Foto: privat



Full konsentrasjon i frådande vatn på Island

Foto: Manni

Unik gudstjeneste i skogen

Lett regn la ikke noen demper på friluftsgudstjenesten på Lye den første søndagen i september. Speiderskogen dannet en fin ramme rundt åpningen i skogen som var ”kirkerom” under gudstjenesten, med trærne som kulisser.

Dagen var ikke tilfeldig valgt. For hva er vel mer naturlig enn å legge gudstjenesten ute på den første dagen av Friluftslivets uke som har arrangementer i hele Norge den første september-uken. Samtidig var den avslutningen på den første Lyefestivalen i historien.

Sokneprest Stein Ødegård forrettet, og barne- og familiearbeider Anne-Birgitte Auestad fra ImF var dagens taler. Hun tok utgangspunkt i teksten fra Matteus 20. 1-16, der vi kan lese lignelsen om arbeiderne i vingården.

Guds rike

Her engasjerte hun både prest og barn. Presten måtte jobbe mest, men fikk likevel ikke mer i lønn enn de som kom sist. Men han fikk

det som var avtalt. Så Guds rike er ikke alltid helt slik vi forventer. En gruppe barn sang ”Gud er god”, ”Nåde” og ”Her er det plass for alle”, der lyden nådde langt inn i skogen.

Lyefestivalen

Lyefestivalen ble en fest fra start til slutt. De 26 barna som var med på festivalen, er med i Lye Barnegospel, Lye Blå Kors Speideren og søndagsskolene. De fikk være med på barnemøte, festivalkor, lek og hobbyaktiviteter, og ikke minst leirbål og overnatting i speiderskogen i telt og hengekøyer for de aller eldste. Lyefestivalen avsluttet med gudstjenesten, og aktiviteter og grilling ute i speiderskogen.

Festivalkoret fra Lyefestivalen sang flere sanger under friluftsgudstjenesten.



Sokneprest Stein Ødegård deltok under gudstjenesten. Foto: Dag-Henrik Fosse



Barna laga medalje til seg sjølve under Lyefestivalen. Foto: Renate Undheim



Festivalkoret fra Lyefestivalen sang flere sanger under gudstjenesten Foto: Dag-Henrik Fosse

Aktuelt misjonsprosjekt

Bryne kyrkjelyd har som eitt av sine misjonsprosjekt å støtta døve- og blindearbeidet på Madagaskar. Døveprest Ratsimbazafy Adriambololona Henri (Henri) og døvelærar Tsitohaina Nivolalao Razafiharison (Tita) var begge deltagarar på Det Norske Misjonsselskap (NMS) si generalforsamling og sommarfest i Stjørdal i juni.

TEKST OG FOTO: MARGRETA JOHANNESSEN

Dei fortalte gjerne om arbeidet sitt, og uttrykte stor glede over å få vera med i fellesskapet. Det var inspirerande å møta menneske frå NMS sine mange samarbeidskyrkjer og misjonsfolket. Det gir fornøy motivasjon i arbeidet dei står i. Til dagleg er begge tilsette i den gassisk lutherske kyrkja sitt døvearbeit. Henri er sjølv høyrande, og arbeider som døveprest. Han fortel om ein lang veg fram mot der han er i dag. Han var prest på Antsirabe, og var innom døveskulen. Då opplevde han at Gud kalla han til å bli prest for dei døve, at det var Guds plan. No er han veldig glad for tenesta han har fått. Tita er lærar og døv sjølv. Ho fortel at ho har ein fordel som kan bruka teikn når ho underviser i alle fag. Dersom det er høyrande barn i klassen, må ho ha med ein høyrande lærar som hjelp, då ho sjølv snakkar lite vanleg språk. I mange år har kyrkja på Madagaskar(FLM) og NMS drive spesialskulular for døve og blinde barn, barn som tradisjonelt ikkje har vore prioriterte frå det offentlege som verdige til å få skulegang og opplæring.

Spesialskulane har gjort ein god jobb i mange år, men i dei seinare åra har ein sett verdien av at desse borna heller får opplæringa si tilknytt vanlege skular. Over 600 barn har fått vera med i dette prosjektet. Det hjelper på integreringa inn i samfunnet, og aukar folk flest si forståing av at også den som har eit handicap kan bidra med det ein kan. Bistandsmidlar tildelt via den norske staten har gjort prosjektet mogeleg. Midlane er brukt på tilretteleggjring på ulike måtar, til å gi spesialutdanning og auka kompetansen hos vanlege lærarar.

Desse ekstramidlane ser no ut til å forsvinna nesten «over natta». Grunnen er at Noreg legg ned ambassade-seksjonen sin i hovudstaden Antananarivo, og dermed fell også bistandsmidlane til blinde- og døvearbeitet bort. Dei to representantane frå Madagaskar understrekar at no trengs det verkeleg at økonomisk støtte frå givarar held fram. Bryne kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt treng altså våre bidrag meir enn nokon gong.



Støttegruppe - ei hjelp i sorga

For barn og ungdom frå 4. – 10. klasse som har mista foreldre eller sysken i dødsfall.



UNG SORG:

Sorg er ingen sjukdom. Men det kan gjere forferdeleg vondt. Sorga kan setje i gang tankar, kjensler og veremåtar som kan virke ubegripelege, rare, uvante eller skremmande. Sidan me ikkje kan forhindra tap, må me heller prøve å hjelpe barnet ved å vise respekt for tapsopplevelinga og hjelpe til med å finne uttrykk for følelsane.

KVA ER EI STØTTEGRUPPE?

Det er ei samtalegruppe med andre på same alder som også har opplevd å mista anten foreldre eller sysken i dødsfall. Sorggruppa skal vere eit trygt fellesskap der det er rom for å setje ord på kjensler, tankar og reaksjonar som sorga fører med seg. Kvar enkelt bestemmer sjølv kva han/ho vil dele, og me vil alltid oppfordra barna/ungdommane til å respektera kvarandre gjennom at ein ikkje fortel vidare det som blir delt i gruppa. Me har lov til å vera både glade og leie oss i lag.

PÅMELDING:

For påmelding og/eller informasjon, ta kontakt med diakonen i din lokale kyrkjelyd, eller direkte til diakon i Bryne: Marit Høie Hetland, marit@timekyrkja.no tlf. 911 63 039.

Påmeldingsfrist er 5. oktober.

OM GRUPPENE:

- Gruppa møtest 8 gonger i løpet av ein periode på ca. 4 månader, mellom haustferien og vinterferien.
- Alle gruppemøta blir anten i skuletida eller rett etter skuletid, og fråvær blir avtala med skulen.
- Oppstart blir mandag 6. november. Resten av datoane kjem etter påmelding, alle gruppemøta blir på måndagar.
- Planen er å ha to grupper, ei frå 4.-7. klasse og ei frå 8.-10. klasse, men gruppесamsetning og tidspunkt blir endeleg avklart etter påmelding.

- Stad: Bryne kyrkje.

- Gruppene er livssynsnøytrale, og er opne for alle uansett kva livssyn og tilknyting til kyrkjesamfunn du har.
- Transport til og frå gruppa blir avtala med kvar enkelt.
- Ei sorggruppe gir høve til å treffe andre som er i same situasjon. Barn og ungdommar er ofte åleine i si sorg, og det å få høve til å treffa andre i same livssituasjon kan vere til god hjelp.
- Me har alltid eit måltid mat saman.
- Det blir brukt ulike typar leik, teikning og hobbyaktivitetar for å styrke samtalen om tema omkring sorg og død. På den måten ønskjer me å gje barna og ungdommane rom for å sørge, og å hjelpe til med å få gitt uttrykk for sine tankar, kjensler og reaksjonar.
- Tilbodet er gratis.
- Barnet/ungdommen blir saman med ein forelder/føresett invitert til ein oppstartssamtale før gruppa startar. Der får me bli litt kjende med kvarandre.
- Sorggruppene blir organisert av diakonane i Den norske kyrkja på Jæren, Sandnes og Sola.



Bibelkveldar 2023


TEKST: IVAR JOHANNESSEN

Sløve og oppgitte, og under stort press frå verda omkring, kven er dette? Dei kristne i Noreg? Nokre av oss? I alle fall gjaldt det hebrearane, som Hebrearbrevet er adressert til. Dei kunne jammen trenge både oppmuntring og styrking. Og det fekk dei i eit brev me skal sjå nærmare på.

Tre kveldar i haust vil me fokusera på Hebrearbrevet og kva det har å seia til oss. Me startar med å få oversikt over innhaldet i brevet. Så ser me nærmare på ein del tema brevet tek opp. Mottakarane var under ganske hardt press utanfrå, både sosialt, kulturelt og politisk, dei var utan håp og mangla glød. Truleg var dei ein kyrkjelyd som levde i Roma mot slutten av det fyrste hundreåret. Liknar hebrearane sin situasjon på vår? Kva har brevet betydd for vår kyrkje, og vår salmeskatt? Brevet vert avslutta med ei velsigning. Er velsigninga viktig i dag?

Det vert to føredrag kvar kveld, med ein liten kaffipause mellom.

Sjå «Det skjer i Bryne» - sidene for program.



«Vi er et folk på vandring» Fokus på Hebrearbrevet

Blomeenga på kyrkjebakken

TEKST: ROLF HESKESTAD

Ferdast du forbi Brynekirka, har du kanskje stussa over at det har vore lite blomar å sjå på kyrkjebakken dette året. Dei som såg meir nøyte etter kunne sjå ei rekke artar som t.d. kvitbladtistel, prestekrage, tiriltunge, ryllik, fuglevikke, følblom og svartknoppurt. I denne blomsterenga ynskjer ein kun artar som høyrer heime i den jærske villfloraen. Dette i motsetnad til

blomeenger som har sitt opphav i importerte frøblandingar av eittårige blomar som ikkje høyrer heime i den norske villfloraen. Ulempa med å basera seg på stadeigne artar er at det tar tid å få etablert ein slik flora. Dei fleste av desse plantene har låge næringskrav. Difor blir graset slått ein gong i løpet av sumaren - i månadsskiftet juli / august. Graset blir køyrt vekk og nytta til

dyrefôr, og slik blir jorda gradvis meir utarma. Tilførsel av gjødsel er ikkje aktuelt.

Så bodskapen er at det tar tid å etablere ei jærsk blomeeng. Undervegs kan vi glede oss over raudsvingelen som den dominerande grasart. Han er jo flott med sine skinande spede strå som vaiar i vinden!

Gjeverteneste

Takk for alle gåver til arbeidet!

Kyrkjelydane våre er heilt avhengig av faste gjeveravar for at arbeidet skal gå rundt, då mange av våre tilsette er lønna av faste gåver. Du kan få skattefrådrag på gåver du gir til kyrkja di på opp til kr. 25.000,- pr kalenderår (utgjer kr. 2.083,-/mnd). Sjå meir info om givertenesta og Avtalegiro på nettsidene våre.

Bryne sokn

3325.25.07057

Time sokn (Time, Hognestad og Lye)

Trusopplæring

3325.39.13407

Barne- og ungdomsarbeid

3290.58.78041

Arbeid generelt

3325.20.04462

Undheim sokn

3325.21.55657



Misjonskafé

Laurdag 21.10.23 kl 16.00, Lye forsamlingshus

«GODE VIBBER»

Får du gode vibber /kjensler når du høyrer orda misjonsforening, basar /lotteri og kafé? Her på Lye har me ei misjonsforening tilknytta NMS (det norske misjonselskap). Me samlast i heimane til kvarandre ein gong i månaden, samtalar rundt bibel og misjon, har sosialt fellesskap rundt eit måltid og samlar inn pengar til NMS.

Før pandemien hadde me basar annakvart år, nå vil me prøva noko nytt:

Laurdag 21. oktober lagar me til misjonskafé på Lye forsamlingshus.

Målet er sjølvsagt å dela kunnskap om misjon til alle som kjem og samla inn litt pengar vi kan gje vidare til

viktige misjonsprosjekt, men me har fleire mål:
Me ønskjer å laga noko som kan samla folk til ei hyggeleg stund i lag.

Kan henda nokon har minne frå tidlagare tider:
basar på bedehuset, misjonsforening i heimen, gode kaféopplevelingar, kjekt å vinna på lotteri og mykke meir.

Med oss har me barnegospel, TT-koret frå Bryne, og tidlegare misjonær. Det blir misjonsinformasjon og film/bilde frå Kenya.

Det blir kafé med sal av god mat, lynlotteri der du kan henta gevinst med ein gong du har vunne og litt du kan kjøpa med heim frå salgsboda.

Vipps eller kontant! Arr. NMS-forening Lye



Foto: Astrid Fjeld



Noen trenger deg...

Kan du tenke deg å være den som lytter?

www.kirkens-sos.no/frivillig

HAUSTFEST

i Bryne kyrkje



Sundag
29. oktober
kl. 15.00

Program:

- Kåsereri ved Magnhild Meltveit Kleppa
- Song av Jærklang
- Innslag av kulturskuleelevar
- Andakt v/Kristian Tjemsland
- Allsong, god mat, kaffi og drøs! Kollekt

Treng du skyss, ring kyrkjekontoret,
tlf: 51770377 seinast fred. kl. 14.00

Velkommen!

Arr. Bryne diakoniuutval



Velkommen til sundagstreff i Bryne kyrke hausten 2023

Program:

Ringleik & allsong	kl. 18.00
+ kaffi & drøs i kyrkestova	kl. 19.00
Gudsteneste i kyrkjesalen	



**Datoar for hausten, merk dei av
på kalenderen din:**

Sundag 20. september, kl.18.00
Vanleg Sundagstreff

Tysdag 3. oktober, kl.18.00
Haus takkefest i St. Petri kyrke
NB! Vi arrangerer felles avreise.
Det er påmelding på dette.

Sundag 22. oktober, kl. 18:00
Vanleg Sundagstreff

Sundag 19. november, kl. 18:00
Vanleg Sundagstreff

Sundag 10. desember, kl. 18:00
Vanleg Sundagstreff

Ser deg i kyrkja!
Helsing frå Torunn, Trond, Kari, Siri og Praxedes

Velkommen til Kyrkjemiddag i Brynekyrkja



fredag 10. november. kl 17.00

Tacomiddag for heile familien
Samling og aktivitetar for barna
Kaffi og drøs for dei vaksne

Her får me koma til dekka bord,
middagen slepp me å laga sjølve.
Aktivitetane er spesielt tilrettelagde
for barnefamiliar, alle er velkomne,
veldig kjekt om akkurat DU kjem !!!

Det er påmelding til arrangementet.

Lenke/QR-kode til påmelding
kjem i forkant av kvar gong på
www.brynekyrkja.no og på
Brynekyrkja si Facebookside.



Torsdagstreff i Bryne kyrkje Program hausten 2023

21. september:

Torsdagstreffet starter haustsesongen med tur til Epleriet på Helgøy. Det blir ein spennande dagstur.
Påmelding og meir info på nettsida til Bryne kyrkje,
www.brynekyrkja.no

19. oktober kl. 14.30 - 16.30:

Flukten fra Kina v/Knut Aalgaard
Servering, songstund og andakt

16. november 14.30 - 16.30:

Å veksa opp som misjonærbarn v/Terese Bue Kessel
Servering, songstund og andakt

Velkommen!

Bibelkveldar 2023

«Vi er et folk på vandring»

Fokus på Hebrearbrevet



Bryne kyrkje kl. 19:00 — 21:15

Tid	Tema	Foredragshaldar
17. okt.	Hebrearbrevet	
	Bakgrunn og siktemål	Arne Berge , tidl. sokneprest i Bryne og Hinna
	Spor etter Hebrearbrevet i salmeskatten	Per Olav Egeland , Kantor i Bryne kyrkje
31. okt.	Jesus i Hebrearbrevet	
	Gud har talt gjennom Sonen	Anna Rebecca Solevåg , professor i Det nye testamentet ved VID
	Jesus, den store øvstestosten	Arne Berge , tidl. sokneprest i Bryne og Hinna
14. nov.	Kva seier Hebrearbrevet om det kristne livet?	
	Tøff kvardag med blikket festa på Jesus	Ludvig Bjerkreim , tidl. prost i Sandnes
	Krafta i velsigninga	Solveig Braut Tjelle , diakon i Domkirken og St. Petri menighet Øyvind Tjelle , rådgjevar, inkluderande kyrkjeliv i Stavanger bispedømme

JULEMESSE I BRYNE KYRKJE

Laurdag 25. november 2023

KI 11.00 Salsmesse

Andakt. Barnekoret deltek.

Aktivitetar for barn.

Sal av handarbeid, dekorasjonar, gravpynt, småkaker mm.

Kafé og åretrekning.

KI 18.00 Julemessefest

Tale av Bjørn Tore Pettersen.

Song av Gausel kirkekor.

Elevar frå kulturskulen deltek.

Åretrekning og hovudtrekning.

Kaffi, smørbrød og kaker.

Inntektene går til kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid, og til kyrkjelyden sine misjonsprosjekt for NMS og Stefanusalliansen.

Velkommen!

Bryne sokneråd



Biekveld



Kom og høyr om eit av skaparverket sitt mest velorganiserte samfunn!

**Torsdag 5. oktober kl 20.00 - 21.30 i
Kyrkjhestova i Bryne kyrkje.**

Alois Strassegger og Rolf Heskstad driv med birøkt og har mykje å fortelja.
Smaksprøver av honning!

Arr.: Grønt utval i Bryne kyrkjelyd





Time Sjømannskirkeforening feirer 125 års jubileum og har basar

**20. okt kl. 19.00
i Bryne kyrkje.**

Frimenn og
Tordis Sandvik
blir med.

Velkommen!

GATENAMN PÅ BRYNE

Bli med på lokalhistorisk vandring på Bryne! Anne Berit Hatlem og Tom Hetland vil i Helgedagen framover la oss bli betre kjende med dei 31 personane som har fått ei gate eller veg oppkalla etter seg. God tur!

TEKST OG FOTO: ANNE BERIT HATLEM OG TOM HETLAND

Lauritz Bellesens gate

Lauritz Bellesen (1877-1959) var son av Ole og Ane Bertine Bellesen som dreiv det velkjende Bellesens Gjæstgiveri – seinare Bellesens Hotel – i Storgata. Fleire av dei kjende jærmalarane og andre kulturpersonlegdommar tok inn der.

Lauritz var nummer ni av tolv søsken. I 1900 starta han krambu for jern- og malarvarer i den vesle tettstaden Thime Station, som Bryne heitte då. I 1917 kjøpte han mølla med vassrettar, i tillegg til fleire eigedommar der han etablerte eit torg mot ei godtgjersle på 15.000 kroner frå kommunen. Han demde opp elva med tanke på kraftproduksjon til mølla. I 1918 bygde han hus på ein halvholme og kalla det Øvre Kongo. Det folkelege namnet Kongo på Bryneåno skal vera inspirert av Lauritz – eller kanskje også broren Herman - si tid som sjømann. Huset vart seinare kjent som Gjesteheimen.

Lauritz Bellesen var ein aktiv mann på mange måtar. Mellom anna var han med og stifta Brynes Vel i 1924. I 2009 fekk han Time kommunes byutviklingspris – post mortem.



ALLEHELGENSPROGRAM**OPEN KYRKJE I TIME KYRKJE**

Stikk innom og få ein kaffikopp...
"Ord og tonar til håp og trøyst"

LAURDAG 4. november

kl. 11.00 – 14.00

Kyrkja og kyrkjetorget har ope,
og du er velkommen innom for å få
deg ein kopp kaffi og noko å bita i
medan du besøkjer grava.
Skulle du ønskje det, kan du tenne
eit lys. Vi har og tid til samtale.



Kl. 12.00 -13.00

Program i kyrkjerommet:

"Ord og tonar til håp og trøyst"

Dikt og skriftlesing v/ Heidi Strand Harboe

Orgeltonar v/ Per Olav Egeland

Velkommen

Arrangert av Time Diakoniutval

Misjonskafé

**Lørdag 21. oktober
kl. 16.00**

**Lye forsamlingshus**

Misjonsinfo og film/bilder, lotteri,
kafé og salg av diverse varer.
Lye barnegospel og TT-koret

Velkommen til store og små!

Arr: NMS – Lye misjonsforening

Julamesse for NLM på Fotland**Bedehus. 24. og 25. November.**

Tale av Jan Ingve Bernssen på alle
møter. kafe, varesalg, basar, årealg og lynlodd.

Fredag 24. 19.00 Sang av Kvitsøy karane.
Laurdag 25. 11.00 Sang av De syngende besteforeldre.
Laurdag 25. 13.30 sang av Frøyland Barnekor.

STRIKKECAFÉ

Følgande torsdagar kl 1930
vert det strikkecafé på
forsamlingshuset:

Haust 2023:

Torsdagene 21. september,
26. oktober og 30. november i 2023.
Torsdagene 18. januar, 15. februar
og 21. mars i 2024.

**Salmekveld**

**Time kyrkje
søndag 1.oktober kl.19.00**

Velkommen til å syngja saman frå salmeboka!

**Medverkande:**

Ragnhild Hanssen med korgruppe
Dekor

Songgruppa Shalom

Jærklang

Torvald Tjåland saksofon

Yngvar Nilsen solosong

Kulturskuleelevar AI

Kollekt til trusopplæringa på Undheim og i Time

TEKST: ROLF HESKESTAD, FOTO: HARALD LYGREN

VIPA

Nå er tida kome for å seia farvel til vår kjære vipe, for denne gong. Ho likar ikkje vinteren hos oss og dreg i staden til England og Spania.

Jærbuen held mykje av vipa og ser med glede fram til våren sine første vi-vipp. Synet av denne flotte fuglen med den elegante fjørtoppen på hovudet gjer noko med dei fleste av oss. Vipa er fylkesfugl i Rogaland, og har som alle veit òg fått plass i Time sitt kommunevåpen.

Diverre tyder mykje på at vipa fortida ikkje har det greit. Talet på viper har minka dramatisk dei siste 30 åra. I dag reknast vipa som kritisk truga (CR) på den norske raudlistan. Vipa slit med å finna trygge reirplassar. Slåmaskin, kråke, rev og grevling kan alle herja med både egg og ungar. All ære til bønder som legg arbeid i å verna om vipereir på kjelvene.



No samlar vipene seg i flokkar og gjer seg klare for reisa over Nordsjøen. God tur og velkomne tilbake!

Hjernetrim

HelgeKryssord 2/23


LAGA AV: GABRIEL TENGSAREID

Vassrett


- 1 Kjerneved
- 3 Samisk ordtak
- 12 Liv (forstaving)
- 13 Mista feste
- 15 Meisterskap
- 17 Bygd i Lyngdal kommune
- 18 Kontrollere
- 20 Spor
- 21 Tre
- 23 Mengd
- 25 Uttrykk for lengt
- 26 Intoleranse
- 27 Tone
- 28 Fø lam
- 31 Applaus
- 34 Opplev
- 36 Spring!
- 37 Linsegglas
- 39 Samanslutningen
- 42 Apostel
- 46 Del av bibelen
- 47 Mannsnavn
- 50 Kvinnenamn
- 51 Tal
- 52 Prefiks
- 53 Neper
- 54 Bibelsk oldtidsby

Loddrett

- 1 Ulempa
- 2 Dikting
- 3 Verna
- 4 Ankerstein
- 5 Bruke verktøy
- 6 Smelte sama
- 7 Fuglen
- 8 Tenkje over
- 9 Eng
- 10 Ihuge
- 11 Del av fot
- 14 Nølande stadfesting
- 16 Vestafrikansk land
- 19 Sist og først
- 22 Russisk mannsnamn
- 24 Side
- 29 Tiltaleord
- 30 Heil, utan unnatak
- 31 Dyra
- 32 Aluminium
- 33 Sivbåt
- 35 Konjunksjon
- 38 Dyrehår
- 41 Heltedikt



Løysing til kryssord 2023 nr. 3





BARNAS

Fargelegg!



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Teikning:
Monica Bauleo

Vitsar

Kvifor har
kua bjøller?
Horna funkar
ikkje.


Ein dame stod
ved fotgjengarfeltet og venta.
- No har det vore
grøn mann fem
gongar. Når blir det
grøn dame?

Finn fem feil!

Her hjelper den miskunnsame samaritanen
mannen som blei overfalt. Dei to bileta er nesten
like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
Teikning: Monica Bauleo

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare!
Kva skjuler seg her?



Sondagsskolen - mer enn du tror


Lys på gravene

Å setja lys på gravene til våre kjære er ein fin tradisjon. Det er flott å gå på gravplassen å sjå alle lysa som lyser opp og minner oss om dei som ikkje er blant oss lenger.

Dessverre er det eit stort problem at dersom fuglane får tak i desse lysa, kan dei ta dei med seg og sleppa dei frå seg på markene rundt omkring. Dette fører igjen til at metallbitar frå lysa kan koma i føret til dyra og føra til store lidingar og i verste fall avliving / død.

Alle lys skal derfor stå i lukka lykter for å hindra fuglane i å få tak i dei.

Gravplassforvaltinga i Time



3. GENERASJON BEDEMANN
Aarild Aase
Aase
Begravelsesbyrå
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102
24 TIMERS VAKTTELEFON

KROGEDAL
begravelsesbyrå

51 97 29 00

DØGNAVKT



VI HAR OGSÅ
GRAVSTEINAVDELING
www.krogedal.no

NOVA

BEGRAVELSESBYRÅ
Gjesdal • Jæren • Sandnes

51 61 04 00

Hele døgnet

Hanne Brit Sandsmark
og Møyfrid Hersdal



www.novabegravelse.no

Miljø, møteplass og misjon



NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet
og Meierigata



FRETEx butikk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken
og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Klede, møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.
Vi tar også imot stumpar av stearinlys.

Opningstider:


måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00
telefon 400 37 151

Vi tar imot og sel:

Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".
Vi har sluttat med møblar.
Telefon 922 09 638

Opningstider:

måndag stengt, tysdag-laurdag 10.00-15.00



DØYPTE

BRYNE KYRKJE


18.06.23	Ella Callaghan-Fotland
	Jakob Ausdal
25.6.23	Herman Nesse Aune
	Falk Underhaug Berntsen
09.07.23	Olav Netland
06.08.23	Ruby Idland
27.08.23	Mira Macasero Kristiansen
	Louis Mauland Mjølhus

TIME KYRKJE

21.05.23	Vale Undheim Gudmestad
	Johan Topdal
	Jonny Topdal
	Frida Lervik
	Vetle Byberg
	Theodor Fuglestad Gya
28.02.23	Tomine Kåstad
	Leah Monsen
	Johan Malde
	Henrik Johnson Alstadsæter
06.06.23	Runa Rørheim
02.07.23	Eline Serigstad
	Collin André Budeng
	Jonathan Fotland
13.08.23	Hennie Haugland
	Anna Werness Frøiland
	Sara Nærland Kløyvan
	Tiril Marlen Nedrebø
	Torgeir Tjørhom Martinsen
	Viljar Lærum Thu

BORN FRÅ TIME DØYPT ANDRE STADER


11.06.23	Oliver Loftheim – Frøyland og Orstad kyrkje
18.06.23	Magnus Gilje Dias – Dirdal kyrkje
27.08.23	Andreas Lekve Ekeland – Klepp kyrkje



VIGDE

TIME KYRKJE

20.05.23	Susanne Serigstad Sach og Christopher Sach
27.05.23	Karoline Skretting og Nicolai Tjessem Øyen
	Tina Sørheim og Magnus Tjøtta Pollestad
03.06.23	Stine Marie Teie og Ørjan Gunnar Røthe
10.06.23	Maja Undheim Salte og Aleksander Bilstad
	Birgitte Byberg og Eirik Vinningland
	Rebekka Sandsmark og Ståle Helland
17.06.23	Camilla Jensen Grinde og Ronny Stokland
24.06.23	Cecicilie Roaldsøy og Chris André Barstad
	Inger Johanne Thu og Aleksander Handal Helland
	Line Nevland og Stian Hyldbakk Løge
08.07.23	Nina Mathilde Egeland og Bjørn Haaland
11.07.23	Marielle Thomsen Vinnes og Håvard Rosseland Johansen
29.07.23	Renate Rosseland Johansen og Magnus Horvik Volden
05.08.23	Sandra Nikoline Søviknes og Rune Varhaug
12.08.23	Janessa Lara Saquilayan og Andreas Klepp Eidså
	Therese Rettedal og Mads Karlsson
	Pernille Eiane og Vegard Braut Kyllingstad
19.08.23	Astrid Møen Nåmdal og Magne Opstad Mellestrand
26.08.23	Therese Mari Bergsdal Wang og Andreas Rage



GRAVLAGT

Mai

Sven Rugland
Arnt Taksdal
Odd Karluf Vaaland

Juni

Nils Einar Hagland
Ingvar Håland
Paula Annie Liamo
Tor Odd Fjermestad
Tor Andor Salte
Odd Serigstad
Marit Undheim
Finn Bjaanes
Joveig Fosse

Juli

Aud Heigre
Reier T Grødem
Jessy Lende
Ester Undheim
Anbjørg Norheim

August

Mary Ree
Ester Sigfrida Skretting
Odd Edgar Ertkjern
Jodhild Aslaug Aasland
Ingvar N Håland
Svanhild Aarre

VIGSEL ANDRE STADER

27.05.23	Ingrid Johannessen og Leif Mallari Olsen - Gamlebyen Fredrikstad
10.06.23	Trond Risa og Alexandra Kleppe Stokka – Drivhuset bakeri og gardsutsalg

STØTT ANNONSØRANE VÅRE

Jærtannlegene Heidi Bøe Honningsvåg Jaertannlegene.no 5148 4800	Jaeren Gulv AS Maler- og gulvarbeid www.jaerengulv.com	REIME VARMEPUMPER OG SPA www.reimeas.no - Tlf. 51 73 14 22
EiendomsMegler 1 JÆRMEGLEREN Gro Anita Nokland m: 900 14 328 Kyrre Otto m: 954 85 419 Kristine Ree Espedal m: 480 64 634	VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 148, 4340 Bryne Tlf. 51 48 02 11 DØGNERVICE 971 78 180	 KIRKENS NØDHJELP actalliance
TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig	jaeren sparebank	Bonde Kompaniet Butikk i Jupitervegen 4, 4340 Bryne. Tlf. 480 10 878
nye JÆREN KABELNETT Lokal og best på pris	renovasjons- service utleie Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44	 DEN NORSKE KYRKJA
PRIVATMEGLEREN Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no	REMA 1000 Håland	Bøgh Hafo BILSALG - SERVICE - EU KONTROLL - SKADE - RUTESKRIFT
Alt innen datahjelp - hjem på døren til private & bedrift Tlf 51485000 www.datahjelpen.it	Rogalandshus	haver _
EL-TEAM Elektroentrepreneur Morenafaret 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40 E-post: firmapost@el-team.net www.el-team.net	SjekkPunkt BILVERKSTED www.sjekkpunkt.no 4000 6447 LYE BIL AS Prestegardmarka 1 4340 Bryne	Haver Advokatfirma AS Hetlandsgrt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50
aktiv. Eiendomsmegling 51 77 80 00 / rogaland@aktiv.no	e i k h i	SpareBank SR-BANK



Velkomen til gudsteneste



GUDSTENESTER

01.10.2023	18. søndag i treeiningstida	Matt 8,14-17
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste for store og små Dåp, Hausttakkefest
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste med dåp Dåp, Barneandakt og aktivitetar for barna
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste for store og små Dåp, Hausttakkefest. Misjonstivoli. Misjonsvindu
08.10.2023	19. søndag i treeiningstida	Matt 5,20-26
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste Dåp, Nattverd, Sundagsskule
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste med nattverd Nattverd
15.10.2023	20. søndag i treeiningstida	Joh 11,1-5
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste Nattverd, Sundagsskule
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste med dåp Dåp, Barneandakt og aktivitetar for barna
Bryne kyrkje	19:00	Kveldsgudsteneste Nattverd, Ukrainske og russiske møte v/ Øyvind Norsletten
21.10.2023	Laurdag etter	
	20. søndag i treeiningstida	Joh 11,1-5
Time kyrkje	15:30	Dåpsgudsteneste Dåp
22.10.2023	21. søndag i treeiningstida	Matt 22,15-22
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste for store og små Tema: Gje med glede , Jungelgjeng
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste med nattverd Nattverd
Bryne kyrkje	19:00	Gudsteneste etter Sundagstreff
29.10.2023	Bots - og bønedag	Luk 13,22-30
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste Nattverd, Sundagsskule
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste for store og små Barneandakt og aktivitetar for barna
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste Tema: Skriftemål, Nattverd, Jungelgjeng
05.11.2023	Allehelgensdag	Matt 5,1-12
Bryne kyrkje	11:00	Familiefokus Nattverd
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste Allehelgensgudsteneste, Sundagsskule

Velkommen til kyrkje

Følg med på www.timekyrkja.no eller i Jærbladet for oppdatert informasjon.

 Velkommen til
gudsteneste



Skyss til gudstenesta
Bryne kyrkje:
Jonas Frøyland
mob.nr. 41300468
Ring før kl 10.00

12.11.2023	24. søndag i treeiningstida	Joh 6,63-69
Undheim kyrkje	10:30 Gudsteneste	Nattverd. Sundagsskule
Lye forsamlingshus	10:30 Gudsteneste med dåp	Dåp, Barneandakt og aktivitetar for barna
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste	Tema: Sundag for dei forfølgde, Dåp, Sundagsskule, Misjonsvindu
18.11.2023	Laurdag etter	
	24. søndag i treeiningstida	Joh 6,63-69
Time kyrkje	14:00 Dåpsgudsteneste	Dåp
19.11.2023	25. søndag i treeiningstida	Mark 2,1-12
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste for store og små	Nattverd, Sundagsskule, TT-koret
Time kyrkje	11:00 Gudsteneste med nattverd	Nattverd
Bryne kyrkje	19:00 Gudsteneste etter Sundagstreff	
26.11.2023	Kristi kongedag	Matt 25,31-46
Undheim kyrkje	10:30 Gudsteneste for store og små	Dåp, Utdeling av 4-års bok
Lye forsamlingshus	10:30 Gudsteneste med dåp	Dåp, Barneandakt og aktivitetar for barna
Bryne kyrkje	19:00 Kveldsgudsteneste	Sjømannskyrkjespors v/Tordis og Steinar Sandvik, Nattverd
03.12.2023	1. søndag i adventstida	Luk 4,16-22a
Time kyrkje	11:00 Gudsteneste for store og små	Dåp, Utdeling av Barnebibel til 4-åringane, Sundagsskule
Bryne kyrkje	18:00 Lysmesse	Speidarane deltek
10.12.2023	2. søndag i adventstida	Luk 21,27-36
Time kyrkje	11:00 Gudsteneste med nattverd	Nattverd
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste	Dåp, Sundagsskule
Undheim kyrkje	14:00 Me syng jula inn	
Bryne kyrkje	19:00 Gudsteneste etter Sundagstreff	
17.12.2023		Luk 3,7-18
Bryne kyrkje	11:00 Familiefokus	Nattverd
Lye forsamlingshus	16:00 Me syng jula inn	